



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Høyring av verneplan for skog

Li naturreservat,
Tingvoll kommune



Rik edellauvskog ved Li i Tingvoll kommune. Foto: Øivind Leren

Innhold

Bakgrunn	3
Tilbodet	3
Heimelsgrunnlag.....	3
Verneplanen sitt omfang.....	5
Skildring av område	5
Vegetasjon, skogstruktur og påverknad.....	5
Verneinteresser	5
Føremål.....	6
Andre interesser.....	6
Tekniske inngrep	6
Planstatus	6
Skogbruksopplysninger	6
Litteratur.....	7
Saksgang	8
Vidare sakshandsaming	8
Framlegg til verneforskrift.....	9

Bakgrunn

Gjennom behandlinga av stortingsmeldinga Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold (Meld. St. 14 (2015-2016)) vedtok Stortinget ei opptrapping av skogvernet i Noreg til 10 % av skogarealet. I februar 2022 var om lag 5,2 % av skogarealet og ca. 3,9 % av den produktive skogen verna i Noreg. Det er eit nasjonalt miljømål at «*et representativt utval av naturtypane i skog blir verna for kommande generasjonar*». Vern av skog er også viktig for å nå fleire av dei andre miljømåla, til dømes at «*utrydding av trua artar i skog skal opphøyra og status for artar i nedgang skal ha blitt forbetra innan 2020*» og at «*mangfold av naturtypar i skog skal bli tatt vare på eller gjenopprettast innanfor sitt naturlege utbreiingsområde, og slik at alle stadeigne artar finns i levedyktige bestandar*».

I stortingsmeldinga vert auka skogvern framheva til å ha stor positiv effekt på trua artar i skog, og Regjeringa vil vidareføre det langsiktige arbeidet med skogvern. Dette skal skje ved vern av offentleg eigd skog og ved friviljug vern av privateigd skog. Friviljug vern inneber at skogeigarane tilbyr staten vern av eigen skog.

Dersom ein har naturfagleg kunnskap om det aktuelt tilbodsområde frå før, kan slike data bli lagt til grunn for ein eventuell verneplanprosess. Dersom området ikkje er kartlagt tidlegare, vil miljøvernstyresmaktene også vurdere tilbodet og sette eventuelt i gang med naturfaglege registreringar for å kartlegge verneverdiar. I Møre og Romsdal er ein vesentleg del av den verneverdige skogen kartlagt tidlegare og aktuelle data er tilgjengelege i www.naturbase.no.

Om det på bakgrunn av ei slik registrering vil vere aktuelt å fremme eit verneforslag for det aktuelle arealet, skal det gjennomførast forhandlingar med grunneigar om avgrensing, verneforskrift og økonomisk erstatning. Når staten og grunneigar er kome til semje om desse punkta, vil området gjennomgå ei vanleg saksbehandling i tråd med naturmangfaldlova.

Tilbodet

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal fekk tilbod om frivillig skogvern på gnr/bnr 120/1,2,3, 4 i Tingvoll kommune den 22. juni 2021 gjennom ALLSKOG SA. Området føreslått for vern omfattar eit areal på 385 dekar.

Det naturfaglege grunnlaget for eit vern er dokumentert ved fleire kartleggingar, sist registrert av J. B. Jordal m.fl. i 2017.

ALLSKOG har taksert skogen i tilbodsområdet, og det blir forhandla fram ein erstatningsavtale med grunneigaren. Området vil ikkje bli tilrådd verna før avtalen om erstatning er signert, men ALLSKOG har på vegne av grunneigaren akseptert at planprosessen vert sett i gang.

Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekommstar skjer i medhald av lov 16. juni 2009 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova) jf. §§ 33 – 51. I naturmangfaldlova er det gitt heimel for oppretting av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova, jf. § 37, vil bli bruka for denne verneplanen for skog på privat grunn.

Vedtak om oppretting av naturreservat vert gjort av Kongen i statsråd etter § 37 i naturmangfaldlova, som lyder slik:

- "Som naturreservat kan vernes områder som*
- a) inneholder truet, sjeldent eller sårbar natur,*
 - b) representerer en bestemt type natur,*
 - c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,*
 - d) utgjør en spesiell geologisk forekomst eller*
 - e) har særskilt naturvitenskapelig verdi*

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettningstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringar verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettningstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for bevaring av det biologiske mangfold, skal det samtidig med vernevedtaket legges fram et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk kompensasjon til private som bidrar til områdets skjøtsel."



Edellauvtre i blanding med furu. Foto: Øivind Leren

Verneplanen sitt omfang

Namn	Kommune	Fylke	Areal	Verneform	Eigendomar	M.o.h.	Verdi
Li naturreservat	Tingvoll	Møre og Romsdal	385	Naturreservat	120/1,2,3, 4	40 - 300	Svært viktig (A)

Skildring av område

Lokaliteten vart opphavleg skildra Geir Gaarder i 1993, med supplerte skildringar frå 1997 og 2009. Nyaste kartlegging av gjennomført av K. Wangen og J.B. Jordal i 2017.

Området ligg i søraustvent lia nedanfor Magnhildfjellet eit par km nord for Kanestraum, og har ein god kartleggingsgrad og er naturtyperegistrert opp til ca. 200 m.o.h. Dette er ein rik edellauvskog i sør boreal vegetasjonssone og klart oseanisk vegetasjonsseksjon. Området har soleis særslig høg produktivitet med over 300 dekar høg til svært høg skogbonitet. Både i aust og vest grensar området mot granplantefelt, og i nedre del er grensa mot gardsbruk og naturtypen kjelder og kjeldebekkar. Berggrunnen består blant anna av rik glimmerskifer. Lausmassane består av morene, myr og bart fjell.

Vegetasjon, skogstruktur og påverknad

Området er registrert som rik edellauvskog med dominans av rike hasselkratt og spreidd alm (EN). Vegetasjonstypen er stort sett lågurtskog med innslag av kalklågurtskog og storbregneskog. Andre mengdeartar er bjørk, furu, rogn, gråor, hegg, osp og selje. Dei største verdiane finn vi sørvest der meir kravfulle lågurtartar veks som den sjeldsynte arten snau vaniljerot (NT). Stadvis er det områder med fleire gamle lauvtre med godt utvikla lungeneversamfunn og daudt trevirke og her overlappar derfor naturtypen med gammal lauvskog. Det er eit rikt fugleliv i lia der fleire spettartar samt vendehals, fjellvåk, trekrypar er registrert.

Skogen er middelaldrande til gammal, med ein del daudt trevirke, og innslag av eldre seljer med mykje lungenever og med diameter opp til 50 cm. Det finns enkeltplantar med gran inne i området som bør takast ut. Elles er dette ein lite påverka skog og det beste for naturverdiane er at skogen får stå urørt utan inngrep.

Verneinteresser

I evalueringa av ordninga frivillig skogvern av 2016 (NINA Rapport 1352) kjem det fram at Møre og Romsdal har låg vernedekning på naturtypar i skog som kystfuruskog, edellauvskog og bekkeklofter, som bekreftar funna i BioFokus-rapport 2015-5 om at rik edellauvskog manglar vernedekning i Møre og Romsdal. Med bakgrunn i denne mangelanalysen vil vi forsøke å tette hol i det manglande vernet gjennom ordninga frivillig skogvern.

Innanfor føreslått vernegrense dominerer rik edellauvskog med godt utvikla vegetasjonstypar. Skogstrukturen varierer med meir rikare områder i vest og stadvis eldre, store lauvtre med god tilvekst av lav. Artssamsetninga i botnsjiktet tilseier at dette er ein lågurtskog med kravfulle artar og varmekjære lauvtre. Dette er den typen skog frivillig skogvern har målsetting om å verne fordi det både bevarer trua natur - lågurtedellauvskog (VU), og er med på å dekke manglar i skogvernet med å auke det representative utvalet skog i lågareliggende strøk under 300 m.o.h. med svært høg bonitet.

Økologisk nettverk for artene som finns i dette økosystemet er gode. Li er ein del av fleire spreidde lokalitetar med rik edellauvskog i ytre delar av Tingvoll, der mellom anna Kanestraum naturreservat og Vasselen naturreservat ligg innan eit par kilometers radius. Grunna klimatiske endringar og den høge bonitetan i området over 200 m.o.h., ønsker vi å ta med dette arealet i verneområdet for å betre artane sine spreingsmøglegheiter med varmare klima. Arronderinga blir også betre.

Føremål

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit verdfullt skogsområde som inneheld trua og sjeldan natur. Området representerer ein naturtype med store verdiar knytt til rik edellauvskog. Skogen er velutvikla og har fleire kravfulle artar.

Det er ei målsetting å behalde verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

Andre interesser


Ingen kjende.

Tekniske inngrep

Ingen kjende.

Planstatus

Tingvoll kommune har vedtatt kommuneplan for areal i 2014 med virketid fram til 2026. Arealet tilbudd frivillig vern er sett av til LNF (landbruks- natur- og friluftsområde) formål jf. kartutsnitt under. Den svarte skravuren indikerer at området er bandlagt som omsynssone - for områder med natur av regional og nasjonal verdi; «Innenfor sonene skal det ikkje gjøres tiltak, jf. § 1 – 6 som kan være til vesentlig skade for naturmangfoldet. Faglig utredning kreves før tillatelse kan gis».



Utsnitt frå Tingvoll kommune sin arealplan (2014 – 2026). Raud line markerer føreslått vernegrense. Området er regulert til LNF (landbruks-, natur- og friluftsliv) med skravur over naturtypekartlegging som «bandlagt omsynssone».

Skogbruksopplysningar

Totalareal: ca. 390 daa

Produktivt skogareal (AR5): ca. 349 daa

Skog, sær høy bonitet	Skog, høy bonitet	Skog, middels bonitet	Skog, lav bonitet	Uproduktiv skog	Annnet
246	86	9	8	34	8

Det er utført skogbruksplanlegging med miljøregistreringer i heile området, og arealet er derfor miljøsertifisert for skogbruk.

Nøkkelbiotoper: 86 daa - Rik bakkevegetasjon

Svært viktig naturtyper: 184 daa – Rik edellauvskog

Skogressurskart (SR 16) – volum (daa):

0-100 m ³ /ha	100-200 m ³ /ha	200-300 m ³ /ha	300-400 m ³ /ha
48	228	99	3

Deler av arealet er bratt og har vanskelege driftstilhøve for skogbruk. Øvre del ligg som vernskog. Det meste av arealet er dels glissen lauv- og furuskog. Det er eit mindre hogstmodent plantefelt av gran (ca. 2 daa) innanfor avgrensa område. Ein kan ikkje sjå at det går vegar inn i området, men inntil på fleire kantar. Det er registrert både naturtypar og nøkkelbiotopar i nedre del av området. Topografi, skogtype og miljøverdiar gjer at arealet er lite interessant for moderne skogbruk.

Litteratur

Gaarder, G. 1993. *Natur i Tingvoll. Naturverdier i Tingvoll kommune, Møre og Romsdal, med spesiell vekt på biologisk mangfold*. Tingvoll kommune, Miljø- og næringsetaten. 65 s.

Gaarder, G. et al. 1997. *Nøkkelbiotoper i skog i Tingvoll kommune. Miljøfaglig utredning, rapport 1997*: 6. 57 s.

Hagen, G. 2000. *Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Tingvoll kommune. Upubl. hovudfagsoppgåve ved NLH*. 216 s. + vedlegg.

Gaarder, G. 2009. *Tilpassing av nøkkelbiotoper i skog til naturtypekartlegginga i Tingvoll kommune. Miljøfaglig Utredning notat 2009:2*. 164 s

Jordal, J. B. m.fl. 2017. *Naturtypekartlegging i Møre og Romsdal i 2016, med vekt på revisjon av skoglokalitetar. Rapport J.B. Jordal nr. 1 - 2017*.

Saksgang

Formell start på verneplanarbeidet for Li naturreservat vart meldt 11.01.2022 med frist for innspel 18.02.2022.

Vi fekk følgande merknader til oppstartsmeldinga:

Statnett (brev datert 18.01.2022) uttalar følgande;

«*Statnett har anlegg som er berørt av planene og har ingen merkander til saken.*»

Møre og Romsdal fylkeskommune (brev datert 08.02.2022)

«*Møre og Romsdal fylkeskommune har ut fra sine ansvarsområde ingen merknad.*»

Direktoratet for mineralforvaltning (brev datert 11.02.2022)

«*Fråsegn utan merknader*»

Forsvarsbygg (brev datert 20.01.2022)

«*Vi ser ingen konfliktar med det føreslalte verneområdet. Vi ber likevel om at de tek naudsynte unntak for militær operativ verksemd inn i forskrift til verneplanen. Vi ber og om at det særskilte unntaket for avgang og landing med Forsvaret sine luftfartøy vert tatt med i forskrift, for å ivareta omsynet til militær luftoperativ verksemd. Vi har ingen ytterlegare merknader til verneframlegget*»

Språkrådet (brev datert 28.01.2022)

«*Viser til brev av 25. januar med kommentarar til føreslegne namn frå Kartverket, og sluttar seg til dette.*»

NVE (brev datert 17.02.2022)

«*Mellom AS eier et 22 kV distribusjonsnett som krysser deler av det føreslalte verneområdet. For å opprettholde nødvendig drift og vedlikehold av nettanlegget, inkludert sikringshogst med tilhørende motorferdsel, må standardbestemmelsene for nettanlegg tas inn i verneforskriften. NVE forutsetter at Mellom AS uttaler seg om standardbestemmelsene er tilstrekkelig for å dekke deres behov.*»

Kartverket (brev datert 25.01.2022)

«*Li er godkjend skrivemåte, ingen merknader.*»

STATSFORVALTAREN SIN VURDERING AV MERKANDANE

Innspel frå Forsvarsbygg om direkte unntak frå vernereglane for operativ militær verksemd er med i standardutforming av verneforskrift, jf. § 6. NVE si merknad er tatt omsyn til forskrifta § 6 c.

Vidare sakshandsaming

Verneforslaget med skildring av området, vernekart og forslag til verneforskrift blir sendt på ei felles sentral og lokal høyring med **frist 23. mai 2022**. Føremålet med høyringa er å få fram opplysningar om interesser som kan bli råka av det planlagde vernet.

Etter høyringa vil Statsforvaltaren summere opp innkomne fråsegner, kommentere desse og utarbeide ei tilråding om vern til Miljødirektoratet. Miljødirektoratet vil etter dette lage innstilling til Klima- og miljødepartementet og vedtak om vern blir gjort ved kgl. res. av Kongen i statsråd.

Framlegg til verneforskrift

Forslag til forskrift om vern av Li naturreservat i Tingvoll kommune i Møre og Romsdal fylke
Fastsett ved kongeleg resolusjon med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av
naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 jf. § 37 og § 62. Fremma av Klima- og
miljødepartementet.

§ 1. (føremål)

Føremålet med forskrifa er å ta vare på eit verdfullt skogsområde som inneheld trua og sjeldan natur. Området representerer ein naturtype med store verdiar knytt til rik edellauvskog. Skogen er velutvikla og har fleire kravfulle artar.

Det er ei målsetting å behalde verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2. (geografisk avgrensing)

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Tingvoll kommune: 120/1,2,3,4. Naturreservatet dekker eit totalareal på 385 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet XX.XX.XXXX Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Tingvoll kommune, hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3. (verneregler)

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande verneregler:

- a) vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerna planter og sopp inkludert lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller sång av tre og annan vegetasjon er forbode
- b) dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode
- c) det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endra naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker el. l., framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte tilførsler av forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmande.
- d) bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode
- e) bålbrannning er forbode

§ 4. (generelle unntak fra vernereglane)

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) sanking av bær og matsopp
- b) jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk

- c) felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- d) vedlikehald og bruk av eksisterande jakttårn
- e) beiting
- f) utsetting av saltsteinar
- g) oppsetting av midlertidige, mobile jakttårn for storviltjakt
- h) fjerning av mindre mengder kvist i samband med utøving av storviltjakt
- i) bålbrening med tørrkvist frå bakken eller medteken ved i samsvar med gjeldande lovverk
- j) drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet

§ 5. (regulering av ferdsel)

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) motorisert ferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy
- b) utanom eksisterande stiar er sykling, riding og bruk av hest forbode

§ 6. (generelle unntak frå ferdelsreglane)

Ferdelsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingskjøring.

Ferdelsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vera skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før kjøring skjer
- b) naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget
- c) naudsynt motorferdsel i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsstyresmakta
- d) landing og start med Forsvarets luftfartøy

§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar)

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a) istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne
- b) tiltak i samband med forvalting av vilt og fisk
- c) naudsynt uttransport av felt elg og hjort med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b
- d) ringbarking, hogst og uttak av gran, platanlønn og andre framande treslag
- e) merking og rydding av nye stiar
- f) avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav d
- g) oppsetting og vedlikehald av gjerde
- h) gjenoppføring av bygningar og anlegg som går tapt ved brann eller naturskade
- i) bruk av naturreservatet til miljøtilpassa reiselivsverksemd i samsvar med plan godkjent av forvaltningsstyresmakta

- j) oppgradering eller fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auke av linetverrsnittet, når tiltaket ikkje skader verneverdiane nemneverdig
- k) øvingskøyring for formål nemnt i § 6 første ledd
- l) naudsynt motorferdsel for aktivitetar etter § 4 bokstav f, j og § 7 bokstav b, d, g, h og j

§ 8. (generelle dispensasjonsreglar)

Forvaltingsstyresmakta kan gjera unntak frå forskrifta dersom det ikkje stirr mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 9. (skjøtsel)

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setja i verk tiltak for å oppretthalda eller oppnå den natur- og kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 10. (forvaltningsplan)

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærmere retningsliner for forvalting av naturreservatet. Forvaltningssplanen kan innehalde nærmere retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11. (forvaltingsstyresmakt)

Miljødirektoratet fastset kven som skal ha forvaltingsstyresmakta etter denne forskrifta.

§ 12. (ikraftsetjing)

Denne forskrifta trer i kraft straks.